

Møteprotokoll

Utval:	Fylkestinget
Møtestad:	Scandic Parken Ålesund
Dato:	16.06.2026 - 17.06.2026

Faste medlemmer som møtte:	Funksjon	Representerer
Trygve Grydeland	Medlem	H
Leif Bjarne Ersnes	Medlem	H - forfall
Lene Vadseth Larsgård	Medlem	H
Bente Bruun	Medlem	H
Carl-Henrik Myrseth Moltumyr	Medlem	H
Jessica Gärtner	Medlem	H
Torgeir Dahl	Medlem	H
Torill Velle	Medlem	H
Frank Edvard Sve	Medlem	FRP
Geir Asle Stenseth	Medlem	FRP
Anne Marie Fiksdal	Fylkesvaraordfører	FRP
Hans Olav Myklebust	Medlem	FRP
Inger Lise Nerland Skogstad	Medlem	FRP
Gro Anita Loen Sve	Medlem	FRP
Knut Erik Engh	Medlem	FRP
Lovise Nikoline Voldsund	Medlem	FRP – forfall 17.06.26
Håkon Lykkebø Strand	Medlem	FRP – forfall 17.06.26
Roger Bach	Medlem	FRP
Line Hatmosø Hoem	Medlem	AP
Geir Ove Leite	Medlem	AP
Hanne Notøy	Medlem	AP
Erling Vestre	Medlem	AP
Eirin Andersen Gravem	Medlem	AP – forfall del av 16.06.26
Jens Aklestad	Medlem	AP – forfall 16.06.26
Hege Merethe Gagnat	Medlem	AP
Fredric Holen Bjørdal	Medlem	AP
Per Ivar Lied	Medlem	SP

Faste medlemmer som møtte:	Funksjon	Representerer
Tove Henøen	Medlem	SP
Henrik Stensønes	Medlem	SP – forfall 16.06.26
Dordi Boksasp Lerum	Medlem	SP
Lisa Alvestad	Medlem	SP
Yvonne Wold	Medlem	SV
Marit Aklestad	Medlem	SV
Anders Lindbeck	Medlem	SV
Harry Valderhaug	Medlem	KRF
Randi Walderhaug Frisvoll	Medlem	KRF
Victoria Smenes	Medlem	KRF
Pål Farstad	Medlem	V
Frank Petter Stenløs	Medlem	V
Nils Olav Moen	Medlem	INP
Hans Kjetil Knutsen	Medlem	SUNML
Jonas Maas Nilsen	Medlem	MDG
Stig Anders Stensvik Ohrvik	Medlem	NML - forfall
Silje Alise Ness	Medlem	UAVH
Finn Arne Follestad	Medlem	UAVH - forfall
Bjarne Kvalsvik	Medlem	KDL

Frå sekretariatet:

Frå administrasjonen møtte på heile eller delar av møtet:

Gunn Randi Seime	ass. fylkeskommunedirektør
Jesper Wiig	samferdselsdirektør
Erik Brekken	kompetanse- og næringsdirektør
Heidi-Iren Wedlog Olsen	kulturdirektør
Finn Lervik	juridisk sjef
Torgeir Haukebø	bygg- og eigedomssjef
Tone Nord	fylkestannlege
Magnus Hjelmstad	økonomisjef
Dag Lervik	organisasjonssjef

Fylkestinget tok til tysdag 16. juni 2026 kl. 13.00, Scandic Parken Ålesund under leiing av fylkesordførar Anders Riise.

Innkallinga blei samrøystes godkjent.

Fylkestinget blei lovleg sett med 47 medlemer.

Geir Stenseth (FRP) og Nils Olav Moen (INP) blei samrøystes valde til å godkjenne protokollen saman med fylkesordføraren.

Til saklista:

Line Hoem (AP) - bad om at sak 27/26 blir behandla på fyrste dag av tingsamlinga.

Saklista med endringar blei godkjent. Sakene blei behandla i den rekkefølge dei er protokollert.

Program blei godkjent.

I forbindelse med Robert Nordviks (FRP) bortgang var det eitt minutt stillheit i fylkestinget.

Budsjettseminar med tema om:

- KOSTRA-analyse
- Nytt i Kommuneproposisjon 2027 og revidert nasjonalbudsjett 2026
- Gjennomgang økonomirapportering per 1. tertial 2026
- Hovudtrekka i sak om strategi og rammer for økonomiplan 2027-2030 og det økonomiske utfordringsbildet

Fylkesordføraren held sin tale til fylkestinget.

Møte slutt kl. 18.30.

Fylkestinget tok til onsdag 17. juni 2026 kl. 09.00, Scandic Parken Ålesund under leiing av fylkesordfører Anders Riise.

Oskar Grimstad (FRP) meldte at han blei forsinka til møtet.

Endringar i samansetninga går fram av sidene 1 og 2 - 46 voterande.

Fylkestingssamlinga starta med generell politisk debatt.

Oskar Grimstad (FRP) tok sete under den generelle debatten - 47 voterande.

Mobbeombod Kristin Øksenvåg og elev- og lærlingombod Synne Strøm Astad gav fylkestinget ei statusmelding. Orienteringa gav ikkje grunnlag for votering.

Møte slutt kl. 15.05

Saksliste

Saksnr	Sakstittel
PS-17/26	Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar - rapport
PS-18/26	Forvaltningsrevisjon Overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring - rapport
PS-19/26	Jens Aklestad (AP) - melding om flytting - nyval
PS-20/26	Den kulturelle spaserstokken (DKSS) - oppfølginga av vedtak i fylkestinget
PS-21/26	Fylkesstrategi for kultur - meining, meistring og motstandskraft
PS-22/26	Fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - etter høyring
PS-27/26	Uttale - Likeverdige helsetenester i heile landet – konsekvensar av den økonomiske situasjonen i Helse Møre og Romsdal HF
PS-28/26	Generell politisk debatt
PS-29/26	Økonomirapportering per 1. tertial 2026 inkl. forslag til budsjettjusteringar
PS-23/26	Endring av delegeringsreglement for plansaker og dispensasjonssøknadar
PS-24/26	Konkurranseutsetting ferjetenester Brattvåg-Dryna
PS-25/26	Konkurranseutsetting ferjetenester Utasundsruta
PS-30/26	Strategi og rammer for økonomiplan 2027-2030
PS-26/26	Sørsundbrua - omfang del 2 av prosjektet
IP-02/26	Interpellasjon frå Jonas Maas Nilsen (MDG) - Etablering av åpenhetsregister i Møre og Romsdal fylkeskommune
IP-03/26	Interpellasjon frå Nils Olav Moen (INP) - Kunstig intelligens, automatisering og robotteknologi – betre tenester, trygg bruk og meir verdi for innbyggjarane
IP-04/26	Interpellasjon frå Marit Aklestad (SV) - Likeverdig skulehelseteneste for elevane i vidaregåande skule
SP-01/26	Spørsmål frå Bente Bruun (H) - økonomi, struktur og kvalitet i videregående opplæring
RS-06/26	Saker til oppfølging fra fylkesutvalet og fylkestinget - korrigert juni 2026

PS 17/26 Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar - rapport

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar i Møre og Romsdal fylkeskommune til vitande.
2. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten kapittel 5 konklusjon og tilrådingar. Desse er:
 - a) Sikre tydeliggjering og forankring av fullmakter, roller og ansvar når det gjeld anskaffingar og kontraktsoppfølging i KON (kompetanse og næring).
 - b) Etablere system og rutinar som sikrar opplæring for involverte med anskaffingsansvar.
 - c) Styrkje dokumentasjons- og arkivpraksis i arbeid med offentlege anskaffingar.
 - d) Sikre betre oppfølging av at konkurranse og rammeavtalar blir nytta i tråd med fylkeskommunen sine rutinar.
 - e) Vidareutvikle rutinar som sikrar at skulane nyttar e-handel i samsvar med fylkeskommunen sine krav.
 - f) Styrkje internkontrollarbeidet, særleg for kontraktsoppfølging og mindre anskaffingar.
 - g) Ferdigstille arbeidet med å kartlegge dagens rammeavtalar og gå gjennom rutinane for etablering av nye rammeavtalar.
3. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren melde tilbake skriftleg til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 31. desember 2026.

Behandling

Forvaltningsrevisor Ola Andersen Godø frå Møre og Romsdal Revisjon presenterte rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: Innstilling frå Kontrollutvalet - 21.05.2026

For: 47 stemmer (100%) - AP 8, FRP 10, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Kontrollutvalet , 21.05.2026 - 16/26

Innstilling:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar i Møre og Romsdal fylkeskommune til vitande.
2. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten kapittel 5 konklusjon og tilrådingar. Desse er:
 - a) Sikre tydeliggjering og forankring av fullmakter, roller og ansvar når det gjeld anskaffingar og kontraktsoppfølging i KON (kompetanse og næring).
 - b) Etablere system og rutinar som sikrar opplæring for involverte med anskaffingsansvar.
 - c) Styrkje dokumentasjons- og arkivpraksis i arbeid med offentlege anskaffingar.
 - d) Sikre betre oppfølging av at konkurranse og rammeavtalar blir nytta i tråd med fylkeskommunen sine rutinar.
 - e) Vidareutvikle rutinar som sikrar at skulane nyttar e-handel i samsvar med fylkeskommunen sine krav.
 - f) Styrkje internkontrollarbeidet, særleg for kontraktsoppfølging og mindre anskaffingar.
 - g) Ferdigstille arbeidet med å kartlegge dagens rammeavtalar og gå gjennom rutinane for etablering av nye rammeavtalar.
3. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren melde tilbake skriftleg til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 31. desember 2026.

Forslag til innstilling:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar i Møre og Romsdal fylkeskommune til vitande.

2. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten kapittel 5 konklusjon og tilrådingar. Desse er:

- a) Sikre tydeliggjering og forankring av fullmakter, roller og ansvar når det gjeld anskaffingar og kontraktsoppfølging i KON (kompetanse og næring).
- b) Etablere system og rutinar som sikrar opplæring for involverte med anskaffingsansvar.
- c) Styrkje dokumentasjons- og arkivpraksis i arbeid med offentlege anskaffingar.
- d) Sikre betre oppfølging av at konkurranse og rammeavtalar blir nytta i tråd med fylkeskommunen sine rutinar.
- e) Vidareutvikle rutinar som sikrar at skulane nyttar e-handel i samsvar med fylkeskommunen sine krav.
- f) Styrkje internkontrollarbeidet, særleg for kontraktsoppfølging og mindre anskaffingar.
- g) Ferdigstille arbeidet med å kartlegge dagens rammeavtalar og gå gjennom rutinane for etablering av nye rammeavtalar.

3. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren melde tilbake skriftleg til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 31. desember 2026.

PS 18/26 Forvaltningsrevisjon Overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring - rapport

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

- 1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av overgangen frå grunnskule til vidaregåande opplæring til vitande.
- 2. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren sette i verk rutinar som:
 - a. styrkja systemet for overføring av informasjon om elevar som ikkje kjem inn på førstevalet sitt.
 - b. vidareutviklar samarbeidet med kommunane og vurderer tiltak for å styrke kunnskapen om vidaregåande opplæring på dette nivået.

3. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren melda tilbake skriftleg til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 31. oktober 2026.

Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren komme tilbake med en sak om situasjonen for minoritetsspråklige elever i videregående opplæring og mulige tiltak for å styrke tilbudet.

Fylkestinget ber om ei sak som set fokus på situasjonen og kva tiltak vi kan gjere for ungdom som fell utanfor.

Behandling

Minoritetsspråklige elever i videregående opplæring, foreslått av Jonas Maas Nilsen, Miljøpartiet De Grønne

Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren komme tilbake med en sak om situasjonen for minoritetsspråklige elever i videregående opplæring og mulige tiltak for å styrke tilbudet.

Tiltak for ungdom som slit, foreslått av Harry Valderhaug, Kristelig Folkeparti

Fylkestinget ber om ei sak som set fokus på situasjonen og kva tiltak vi kan gjere for ungdom som fell utanfor.

Forvaltningsrevisor Ola Andersen Godø frå Møre og Romsdal Revisjon presenterte rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av overgangen frå grunnskule til vidaregåande opplæring.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling frå Kontrollutvalet - 21.05.2026**

For: 47 stemmer (100%) - AP 8, FRP 10, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Minoritetsspråklige elever i videregående opplæring**

Jonas Maas Nilsen (MDG), Andre parti: SP

For: 45 stemmer (96%) - AP 8, FRP 10, H 8, INP 1, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 1, V 2

Mot: 2 stemmer (4%) - H 1, UAVH 1

Stemmer:

Carl-Henrik Myrseth Moltumyr (H)

Mary Synnøve Langnes (UAVH)

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Tiltak for ungdom som slit**

Harry Valderhaug (KRF)

For: 45 stemmer (96%) - AP 8, FRP 10, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 3, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 2 stemmer (4%) - SP 2

Stemmer:

Tove Henøen (SP)

Odd Helge Gangstad (SP)

Kontrollutvalet , 21.05.2026 - 15/26

Innstilling:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av overgangen frå grunnskule til vidaregåande opplæring til vitande.
2. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren sette i verk rutinar som:
 - a. styrkja systemet for overføring av informasjon om elevar som ikkje kjem inn på førstevalet sitt.
 - b. videreutviklar samarbeidet med kommunane og vurderer tiltak for å styrke kunnskapen om vidaregåande opplæring på dette nivået.
3. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren melda tilbake skriftleg til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 31. oktober 2026.

Forslag til innstilling:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av overgangen frå grunnskule til vidaregåande opplæring til vitande.

2. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren sette i verk rutinar som:
 - a. styrkja systemet for overføring av informasjon om elevar som ikkje kjem inn på førstevalet sitt.
 - b. videreutviklar samarbeidet med kommunane og vurderer tiltak for å styrke kunnskapen om vidaregåande opplæring på dette nivået.
3. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren melda tilbake skriftleg til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 31. oktober 2026.

PS 19/26 Jens Aklestad (AP) - melding om flytting - nyval

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

1. Jens Einar Aklestad (AP) fråtrer frå verva sine som medlem i fylkestinget, kompetanse- og næringsutvalet og som vara for politikarkontakt for ungdommens fylkesting i Møre Romsdal frå 18. juni 2026, grunna flytting ut frå fylket.
2. Nytt medlem i fylkestinget etter Jens Einar Aklestad frå 18. juni 2026 og ut valperioden vert Hanne-Berit Brekken (AP).
3. Nytt medlem i kompetanse- og næringsutvalet etter Jens Einar Aklestad frå 18. juni 2026 og ut valperioden vert: Jack Narve Sæther
4. Som ny vara politikarkontakt for ungdommens fylkesting etter Jens Einar Aklestad frå 18. juni 2026 og ut valperioden vert: Erling Vestre.

Behandling

Eirin Andersen Gravem (AP) tok sete kl. 16.45. Varamedlem Jarle U. Klavenes (AP) gikk frå møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Fylkesutvalet - 03.06.2026**

For: 47 stemmer (100%) - AP 8, FRP 10, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkesutvalet, 03.06.2026 - 45/26

Innstilling:

1. Jens Einar Aklestad (AP) frårtrer frå verva sine som medlem i fylkeetinget, kompetanse- og næringsutvalet og som vara for politikarkontakt for ungdommens fylkeeting i Møre Romsdal frå 17.juni 2026, grunna flytting ut frå fylket.
2. Nytt medlem i fylkeetinget etter Jens Einar Aklestad frå 17.juni 2026 og ut valperioden vert Hanne-Berit Brekken (AP).
3. Nytt medlem i kompetanse- og næringsutvalet etter Jens Einar Aklestad frå 17.juni 2026 og ut valperioden vert: Jack Narve Sæther
4. Som ny vara politikarkontakt for ungdommens fylkeeting etter Jens Einar Aklestad frå 17.juni 2026 og ut valperioden vert: Erling Vestre.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Jens Einar Aklestad (AP) frårtrer frå verva sine som medlem i fylkeetinget, kompetanse- og næringsutvalet og som vara for politikarkontakt for ungdommens fylkeeting i Møre Romsdal frå 17.juni 2026, grunna flytting ut frå fylket.
2. Nytt medlem i fylkeetinget etter Jens Einar Aklestad frå 17.juni 2026 og ut valperioden vert Hanne-Berit Brekken (AP).
3. Nytt medlem i kompetanse- og næringsutvalet etter Jens Einar Aklestad frå 17.juni 2026 og ut valperioden vert:
4. Som ny vara politikarkontakt for ungdommens fylkeeting etter Jens Einar Aklestad frå 17.juni 2026 og ut valperioden vert:

PS 20/26 Den kulturelle spaserstokken (DKSS) - oppfølginga av vedtak i fylkestinget

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

1. Fylkestinget i Møre og Romsdal tek saka til orientering.
2. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren jobbe vidare med ei ny kultursatsing med eldre som målgruppe, med mål om oppstart i 2027.
3. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren orientere kultur- og folkehelseutvalet om status i arbeidet, seinast i novembermøte 2026.
4. Ei ny og meir heilskapeleg kultursatsing for eldre kan ikkje finansierast innanfor eksisterande rammer. Fylkestinget bes finne handlingsrom til ordninga i kommande budsjett og økonomiplan.

Behandling

Lavterskeltilbod i haust, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Nytt tilleggspkt: Lavterskeltilbod for eldre blir lagt inn med kr 500.000 for hausten 2026, med siktemål 3 million frå 1/1-27. Inndekning 2026: 500.000 frå disposisjonfondet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: Innstilling fra Fylkesutvalet - 03.06.2026

For: 47 stemmer (100%) - AP 8, FRP 10, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **NF - Lavterskeltilbod i haust**

Per Ivar Lied (SP)

For: 21 stemmer (45%) - AP 8, INP 1, MDG 1, NML 1, SP 5, SV 3, UAVH 2

Stemmer:

Dordi Boksasp Lerum (SP)

Yvonne Wold (SV)

Per Ivar Lied (SP)

Hanne-Berit Brekken (AP)

Marit Aklestad (SV)

Jonas Maas Nilsen (MDG)

Line Hatmosø Hoem (AP)

Fredric Holen Bjørdal (AP)

Silje Alise Ness (UAVH)

Anders Lindbeck (SV)

Tove Henøen (SP)

Dina Gaupseth (NML)

Hanne Notøy (AP)

Nils Olav Moen (INP)

Hege Merethe Gagnat (AP)

Odd Helge Gangstad (SP)

Geir Ove Leite (AP)

Lisa Alvestad (SP)

Eirin Andersen Gravem (AP)

Erling Vestre (AP)

Mary Synnøve Langnes (UAVH)

Mot: 26 stemmer (55%) - FRP 10, H 9, KDL 1, KRF 3, SUNML 1, V 2

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne, 06.05.2026 - 15/26

Tilråding:

Uttale frå Rådet for personar med nedsett funksjonevne i sak 15/26:

Den kulturelle spaserstokk (DKSS)- oppfølging av vedtak i fylkestinget

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne(PNF) ber fylkespolitikarane omsette ord til handling og gjeninnføre Den kulturelle spaserstokk så raskt som råd.

Rådet PNF viser til at saka har vore oppe til votering gjentatte gongar og sjølv om det frå talarstolar har virka til å ha betydeleg fleirtal, har ikkje fleirtalet klart å samla seg om å gjeninnføre DKSS.

Rådet PNF ber Kultur- og folkehelseutvalet samle seg om eit positivt vedtak, der ein finn midlar til administrasjonskostnader for inneverande år i revidert, for å kunne vere klare for oppstart 1.januar 2027.

Rådet PNF ber Kultur- og folkehelseutvalet, om i vedtak, forplikte seg om ei auke frå 2 millioner til 3 millioner til DKSS i 2027.

Rådet PNF vil understreke viktigheita for kommunane å kunne søke tilskot til profesjonell kunst- og kulturformidling tilpassa eldre av høg kvalitet og set sin lit til at Kultur- og folkehelseutvalet ser det same.

Eldrerådet, 07.05.2026 - 10/26

Tilråding:

1. Fylkestinget i Møre og Romsdal tek saka til orientering.
2. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren jobbe vidare med ei ny kultursatsing med eldre som målgruppe, med mål om oppstart i 2027.
3. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren orientere kultur- og folkehelseutvalet om status i arbeidet, seinast i novembermøte 2026.
4. Eldrerådet ber om lavterskeltiltak for eldre blir auka med 3 million frå 1/1-27.

Kultur- og folkehelseutvalet, 12.05.2026 - 26/26

Tilråding:

1. Fylkestinget i Møre og Romsdal tek saka til orientering.
2. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren jobbe vidare med ei ny kultursatsing med eldre som målgruppe, med mål om oppstart i 2027.
3. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren orientere kultur- og folkehelseutvalet om status i arbeidet, seinast i novembermøte 2026.
4. Ei ny og meir heilskapeleg kultursatsing for eldre kan ikkje finansierast innanfor eksisterande rammer. Fylkestinget bes finne handlingsrom til ordninga i kommande budsjett og økonomiplan.

Fylkesutvalet, 03.06.2026 - 46/26

Innstilling:

1. Fylkestinget i Møre og Romsdal tek saka til orientering.
2. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren jobbe vidare med ei ny kultursatsing med eldre som målgruppe, med mål om oppstart i 2027.

3. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren orientere kultur- og folkehelseutvalet om status i arbeidet, seinast i novembermøte 2026.
4. Ei ny og meir heilskapeleg kultursatsing for eldre kan ikkje finansierast innanfor eksisterande rammer. Fylkestinget bes finne handlingsrom til ordninga i kommande budsjett og økonomiplan.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Fylkestinget i Møre og Romsdal tek saka til orientering.
2. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren jobbe vidare med ei ny kultursatsing med eldre som målgruppe, med mål om oppstart i 2027.
3. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren orientere kultur- og folkehelseutvalet om status i arbeidet, seinast i novembermøte 2026.

PS 21/26 Fylkesstrategi for kultur - meining, meistring og motstandskraft

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

1. Fylkestinget vedtar Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft
2. Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft gjeld fram til 2030

Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å redigere dokumentet grafisk etter handsaminga i fylkestinget.

Tillegg i Kapittel 3 under «Kva vil vi oppnå» og under «Resultatmål og brukargrupper, tillegg siste avsnitt før kulepunkt:

(tillegget i uthevet skrift)

Tilleggsforslag: Strategien har i tillegg mål for aktørar med mandat eller ønske om å skape, utøve og formidle kulturtilbod til innbyggjarane. Eksempel på slike aktørar er frivilligheta, kunstnarar, kreativ næring, bibliotek, museum, **Kyrkje og trus- og livssynssamfunn.**

Justert tekst, kulepunkt om barn og unge under resultatmål, kap. 3

Barn og unge har eit mangfaldig kultur- og fritidstilbod der dei får vere kreative, delta uavhengig av økonomi, og opplever tilhøyrse og meistring.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Fylkesutvalet - 03.06.2026**

For: 47 stemmer (100%) - AP 8, FRP 10, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne, 06.05.2026 - 19/26

Tilråding:

1. Fylkestinget vedtar Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft
2. Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft gjeld fram til 2030
3. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å redigere dokumentet grafisk etter handsaminga i fylkestinget.

Eldrerådet, 07.05.2026 - 14/26

Tilråding:

1. Fylkestinget vedtar Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft
2. Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft gjeld fram til 2030
3. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å redigere dokumentet grafisk etter handsaminga i fylkestinget.

Kultur- og folkehelseutvalet, 12.05.2026 - 27/26

Tilråding:

1. Fylkestinget vedtar Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft
2. Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft gjeld fram til 2030
3. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å redigere dokumentet grafisk etter handsaminga i fylkestinget.

Ungdommens fylkesråd, 28.05.2026 - 25/26

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Fylkestinget vedtar Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft
2. Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft gjeld fram til 2030
3. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å redigere dokumentet grafisk etter handsaminga i fylkestinget.

Fylkesutvalet, 03.06.2026 - 49/26

Innstilling:

1. Fylkestinget vedtar Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft
2. Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft gjeld fram til 2030

Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å redigere dokumentet grafisk etter handsaminga i fylkestinget.

Tillegg i Kapittel 3 under «Kva vil vi oppnå» og under «Resultatmål og brukargrupper, tillegg siste avsnitt før kulepunkt:

(tillegget i uthevet skrift)

Tilleggsforslag: Strategien har i tillegg mål for aktørar med mandat eller ønske om å skape, utøve og formidle kulturtilbod til innbyggjarane. Eksempel på slike aktørar er frivilligheta, kunstnarar, kreativ næring, bibliotek, museum, **Kyrkje og trus- og livssynssamfunn.**

Justert tekst, kulepunkt om barn og unge under resultatmål, kap. 3

Barn og unge har eit mangfaldig kultur- og fritidstilbod der dei får vere kreative, delta uavhengig av økonomi, og opplever tilhøyrse og meistring.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Fylkestinget vedtar Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft
2. Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft gjeld fram til 2030
3. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å redigere dokumentet grafisk etter handsaminga i fylkestinget.

PS 22/26 Fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - etter høyring

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

Fylkestinget vedtar fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 som vedlagt.

Samferdselspolitikken visjon er å binde fylket betre sammen på ein sikker, effektiv og bærekraftig måte og knytte fylket betre sammen med landet for øvrig. Samferdselspolitikken skal medvirke til ein positiv samfunns- og næringsutvikling i heile fylket.

Behandling

Visjon for samferdsel, foreslått av Torgeir Dahl, Høyre

Samferdselspolitikken visjon er å binde fylket betre sammen på ein sikker, effektiv og bærekraftig måte og knytte fylket betre sammen med landet for øvrig. Samferdselspolitikken skal medvirke til ein positiv samfunns- og næringsutvikling i heile fylket.

Fylkesstrategi for samferdsel, foreslått av Frank Edvard Sve, Fremskrittspartiet

Fylkesstrategi for samferdsel har frå administrasjonen sin side overhode ikkje tatt inn over seg at fylkestinget sitt fleirtal politisk har vedteke både budsjett og fireårig økonomiplan, både ang drift og investeringar. Likeså har det same fleirtalet i fylkestinget vedteke eit 10 årig investeringsprogram.

Dette samla ER fylkeskommunen sin strategi for samferdsel i perioden fram mot 2030.

Når ein ser grunnlaget som ligger i planen, er det lagt stor vekt på nasjonale mål og nasjonal raud/grøn politikk ved ein NTP som slett ikkje er vedteken, men vedlagt protokollen i Stortinget utan fleirtal, samt FN sine bærekraftsmål samt svært stort fokus på klima og miljø som i prinsippet ser ut til å være i sterk kontrast til realismen dersom ein skal bygge samferdselsfylket.

-Eit næringsfylke som er totalt avhengig av sterk samferdselsbygging og gode kommunikasjonar, har ikkje råda til å gjere ting vanskeligare og dyrare enn nødvendig.

Miljøkrav, nullutslippskrav knytt til investeringar innan samferdsel, drift av vegnettet, samt drift og investering i

ferjene og kollektivtilbodet, har auka kostnadane kraftig.

Desse kostnadane er ikkje kompensert av staten. Dette betyr at fylkeskommunen ikkje har kunna prioritert vegvedlikehold og trafikktrygging, som ville kunne tatt ned antall hardt skadde og døde i trafikken.

Det er på tide å redusere ambisjonsnivået med tanke på reduksjon av klimagassutslepp slik at andre områder kan prioriterast høgare.

Planen burde egentlig returnerast til administrasjonen, med beskjed om å samordne dette med faktiske politiske vedtak, budsjett og økonomiplan samt investeringsprogram, og realisme ang det som faktisk skal gjennomførast i planen sin tidsramme.

Utsettingsframlegg, foreslått av Knut Erik Engh, Fremskrittspartiet

Fylkestinget sender saka tilbake og ber om at Fylkestrategien vert forenkla slik at dokumentet viser ei tydeligare retning på kva og korleis ein skal prioritere framover. Saka skal leggest fram til politisk behandling hausten 2026.

Trygve Grydeland (H) fekk permisjon frå kl. 17.20 - 46 voterande.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **UT - Utsettingsframlegg**

Knut Erik Engh (FRP)

For: 11 stemmer (24%) - FRP 10, UAVH 1

Stemmer:

Knut Erik Engh (FRP)

Roger Bach (FRP)

Geir Asle Stenseth (FRP)

Anne Marie Fiksdal (FRP)

Håkon Lykkebø Strand (FRP)

Hans Olav Myklebust (FRP)

Gro Anita Loen Sve (FRP)

Lovise Nikoline Voldsund (FRP)

Mary Synnøve Langnes (UAVH)

Inger Lise Nerland Skogstad (FRP)

Frank Edvard Sve (FRP)

Mot: 35 stemmer (76%) - AP 8, H 8, INP 1, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 1, V 2

Votering nr 2 - Votering over forslag

EF - Fylkesstrategi for samferdsel: 12 stemmer (26%) - FRP 10, INP 1, UAVH 1

Frank Edvard Sve (FRP), Andre parti: FRP

Stemmer:

Lovise Nikoline Voldsund (FRP)

Knut Erik Engh (FRP)

Hans Olav Myklebust (FRP)

Håkon Lykkebø Strand (FRP)

Roger Bach (FRP)

Geir Asle Stenseth (FRP)

Anne Marie Fiksdal (FRP)

Inger Lise Nerland Skogstad (FRP)

Nils Olav Moen (INP)

Frank Edvard Sve (FRP)

Gro Anita Loen Sve (FRP)

Mary Synnøve Langnes (UAVH)

Innstilling fra Fylkesutvalet - 03.06.2026: 34 stemmer (74%) - AP 8, H 8, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 1, V 2

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Visjon for samferdsel**

Torgeir Dahl (H)

For: 46 stemmer (100%) - AP 8, FRP 10, H 8, INP 1, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Ungdommens fylkesråd, 24.04.2026 - 24/26

Tilråding:

Fylkestinget vedtar fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 som vedlagt.

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne, 06.05.2026 - 18/26

Tilråding

Fylkestinget vedtar fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 som vedlagt.

Rådet savner at man bruker CRPD fra menneskerettsloven vedlegg 12 i kunnskapsgrunnlaget i avsnitt 7. Kollektiv- og mobilitetstilbudet.

7. Kollektiv- og mobilitetstilbudet

Universell utforming og sosiale omsyn

Universell utforming er eit lovfesta prinsipp for utforming av bygde omgivnader, slik at flest mogleg skal oppleve god mobilitet og tilgjenge, jamfør likestillings- og diskrimineringslova.

Rådet ber fylkestinget om å jobbe inn CRPD inn i kunnskapsgrunnlaget som skal brukes med fylkesstrategi for samferdsel.

Eldrerådet, 07.05.2026 - 13/26

Tilråding:

Fylkestinget vedtar fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 som vedlagt.

Bo trygt lengre hjemme forutsetter at staten øker sine bevilgninger til samferdsel. Det finnes mange flaskehalser i samferdsel som gir begrensninger. Økte statlige bevilgninger vil gi bedre tilgjengelighet for eldre og mennesker med nedsatt funksjonsevne i samferdselssektoren.

Samferdselsutvalet, 11.05.2026 - 24/26

Tilråding:

Fylkestinget vedtar fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 som vedlagt.

Fylkesutvalet, 03.06.2026 - 50/26

Innstilling:

Fylkestinget vedtar fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 som vedlagt.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkestinget vedtar fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 som vedlagt.

PS 27/26 Uttale - Likeverdige helsetenester i heile landet – konsekvensar av den økonomiske situasjonen i Helse Møre og Romsdal HF

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

Fylkestinget støtter ordføreroppøpet med redaksjonelle justeringer. Hele oppøpet ligger som vedlegg

Fylkestinget forventar at spesialisthelsetenesta generelt og Helse Møre og Romsdal spesielt, presenterer fakta og røynda på ein balansert måte i saksframstillingane. Fylkestinget syner spesielt til omtalen av dialyseavdelinga ved Volda sjukehus i saksdokument til styremøte i Helse Møre og Romsdal 17.06.2026, der det heiter: "Dialysetilbudet ved Volda sjukehus har over tid hatt et lavt og variabelt pasientgunnlag".

Det som ikkje går fram av sakspapira er at dialysen har vore ute av drift store delar av 2025. Når eit viktig tilbod for beredskapen ikkje fungerer vil det ikkje vere noko bruk heller. Denne framstillinga i saksdokumenta og eventuelle andre feil framstillingar av røynda må rettast opp.

Behandling

Tillegg, foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet

Fylkestinget forventar at spesialisthelsetenesta generelt og Helse Møre og Romsdal spesielt, presenterer fakta og røynda på ein balansert måte i saksframstillingane. Fylkestinget syner spesielt til omtalen av dialyseavdelinga ved Volda sjukehus i saksdokument til styremøte i Helse Møre og Romsdal 17.06.2026, der det heiter: "Dialysetilbudet ved Volda sjukehus har over tid hatt et lavt og variabelt pasientgunnlag".

Det som ikkje går fram av sakspapira er at dialysen har vore ute av drift store delar av 2025. Når eit viktig tilbod for beredskapen ikkje fungerer vil det ikkje vere noko bruk heller. Denne framstillinga i saksdokumenta og eventuelle andre feil framstillingar av røynda må rettast opp.

Tillegg til uttale, foreslått av Frank Edvard Sve, Fremskrittspartiet

1. Ei vesentleg sterkare økonomisk støtte til HMR enn det som ligg i dagens plan.
2. At ein større del av støtta kjem så tidleg som mogleg i 2026, slik at ein kan hindre irreversible kutt i pasienttilbod, beredskap og fagmiljø.
3. At krav til omstilling blir sett på på nytt, slik at dei står i forhold til befolkningsgrunnlag, geografi, beredskap, aktivitet og reell gjennomføringsevne.
4. At nødvendige funksjonar ikkje blir bygde ned før konsekvensane for pasienttilbod, kommunar, rekruttering og beredskap er fullt utgreidd.

5. At Helseplattformen, IKT-kostnader, renter, avskrivningar og investeringsbelastning blir handterte på ein måte som ikkje pressar fram kutt i pasienttilbodet.
6. At den varsla revisjonen av inntektsfordelingsmodellen og dei økonomiske mekanismene i HMN legg særleg vekt på om modellen sikrar likeverdige helsetenester i heile regionen.

Frank Sve trekte forslaget sitt før votering.

Fellesforslag , foreslått av Line Hatmosø Hoem, Arbeiderpartiet

Fylkestinget støtter ordføreroppøpet med redaksjonelle justeringer.

Hele oppøpet ligger som vedlegg

Geir Ove Leite (AP) fekk permisjon kl. 18.00 - 45 voterande.

Trygve Grydeland (H) tok sete igjen kl. 18.12 - 46 voterande.

Votering nr 1 - Votering over forslag - voteringa blei gjort om inkje på grunn av feilvotering

Opprinnelig forslag: 1 stemme (2%) - FRP 1

Stemmer:

Inger Lise Nerland Skogstad (FRP)

NF - Fellesforslag : 45 stemmer (98%) - AP 7, FRP 9, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Line Hatmosø Hoem (AP)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 0 stemmer (0%)

NF - Fellesforslag : 46 stemmer (100%) - AP 7, FRP 10, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Line Hatmosø Hoem (AP)

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Tillegg**

Hans Olav Myklebust (FRP), Andre parti: FRP

For: 24 stemmer (52%) - AP 5, FRP 10, INP 1, KDL 1, KRF 3, SP 2, SV 1, UAVH 1

Mot: 22 stemmer (48%) - AP 2, H 9, MDG 1, NML 1, SP 3, SUNML 1, SV 2, UAVH 1, V 2

Stemmer:

Anders Riise (H)

Dordi Boksasp Lerum (SP)

Jonas Maas Nilsen (MDG)

Carl-Henrik Myrseth Moltumyr (H)

Hege Merethe Gagnat (AP)

Tove Henøen (SP)

Lisa Alvestad (SP)

Anne Sølvi Vatne (H)

Torill Velle (H)

Hans Kjetil Knutsen (SUNML)

Torgeir Dahl (H)

Bente Bruun (H)

Silje Alise Ness (UAVH)

Lene Vadseth Larsgård (H)

Dina Gaupseth (NML)

Marit Aklestad (SV)

Frank Petter Stenløs (V)

Pål Farstad (V)

Fredric Holen Bjørdal (AP)

Trygve Grydeland (H)

Jessica Gärtner (H)

Yvonne Wold (SV)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Møre og Romsdal fylkesting vedtek uttalen «Likeverdige helsetenester krev meir enn økonomisk balanse» slik ho ligg føre i saka.

PS 28/26 Generell politisk debatt

PS 29/26 Økonomirapportering per 1. tertial 2026 inkl. forslag til budsjettjusteringar

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

1. Fylkestinget tar "Økonomirapportering per 1. tertial 2026 inkl. forslag til budsjettendringar" til orientering.
2. Fylkestinget vedtek følgande endringar i driftsbudsjettet for 2026.

<i>(i heile tusen)</i>		
Tiltak:	Auka utgift/ red. inntekt	Red utgift/ auka inntekt
Reduksjon fylkestingsramme "Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar" - miljøfyrtårnskoordinator		200
Auke fylkestingsramme "Bygg- og eigedomstenester" - miljøfyrtårnskoordinator	200	
Reduksjon fylkestingsramme "Kompetanse og næringsområdet" - endra berekning øymerka tilskot		5 780
Reduksjon fylkestingsramme "Tannhelseområdet", mindreforbruk lønn klinikkar		7 000
Avsette til disposisjonsfond	12 780	
Auke fylkestingsramme "Kulturområdet" - endra berekning øymerka tilskot	2 778	
Bruk av disposisjonsfond		2 778
SUM	15 758	15 758

3. Fylkestinget vedtek følgjande endringar i investeringsbudsjettet for 2026:

(i heile tusen)		
Tiltak:	Auka utgift/ red. inntekt	Red utgift/ auka inntekt
Reduksjon Solenergianlegg		5 000
Reduksjon Gjermundnes vgs		4 000
Reduksjon Hustadvika vgs - marinefag		30 000
Reduksjon Spjelkavik arena		10 000
Reduksjon Tannhelse - utstyr		2 000
Reduksjon Utstyr fagskolen i Møre og Romsdal		4 000
Reduksjon Bruer		28 283
Reduksjon Bussdepot		18 000
Reduksjon Bypakkar		29 014
Reduksjon Ferjekaier		13 900
Reduksjon Tunneloppgradering		25 522
Reduksjon Veginvestering		14 288
Reduksjon Vegprosjekt		3 505
Auke FRAM	36 400	
Auke Miljø og servicetiltak	3 500	
Auke Tilskot frå andre - Enova-støtte		15 300
Auke Tilskot frå andre - overføring frå Smøla kommune		2 869
Reduksjon bompengebidrag - Bypakkar	27 555	
Reduksjon momskompensasjon	20 296	
Reduksjon bruk av lån	117 930	
SUM	205 681	205 681

4. Fylkestinget vedtek å redusere opptak av lån i 2026 med 117,930 mill. kroner til 270,812 mill. kroner.

5. Fylkestinget vedtek at "Reglement for Møre og Romsdal fylkeskommunes finans- og gjeldsforvaltning" blir lagt fram for politisk behandling neste gang i desember 2027. "Reglement for Møre og Romsdal fylkeskommunes finans- og gjeldsforvaltning" vedtatt av fylkestinget 06.12.2021 vil gjelde fram til revidert reglement er vedtatt.

I revidert nasjonalbudsjett er tilskuddsposten for redusert pris på periodebilletter styrket, slik at fylkeskommunene kan søke om en ytterligere prisreduksjon på om lag 160 kroner. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren søke på dette tilskuddet så snart som mulig.

Fylkestinget syner til samrøystes vedtak i samferdselsutvalet i sak 39/26 vedkomande ekstraløyvingar i RNB 2026 til fylkesveg og vedtek fylgjande:

Fylkestinget syner til ekstra løyving til fylkesvegane som fylkeskommunen får som frie midlar i revidert nasjonalbudsjett 2026. Fylkestinget forventar at desse midlane vert nytta i sin heilskap til fylkesveg. Fylkestinget ber om at ein nyttar midlane til trafikktrygging og dekkelegging.

Fylkestinget syner ellers til at med dagens løyvingar så aukar vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg med ca 500 millionar årleg. Dette betyr at løyvingane til fylkesvegane må kraftig oppjusterast.

Ekstra midlar til kollektivdrift i RNB 2026

Fylkestinget syner til at forliket inneber løyvingar til å ytterlegare redusere prisen på periodebilletter, samt løyvingar til å styrke kollektivtilbodet.

Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren legge fram sak for å følge opp dette og for rette opp skeivheiter i variabel prissetting av kollektivtilbod på samme strekningar.

Det varsla tillegget i RNB til veg på ca. 68 mill. vert å innarbeide i revidert budsjett 2026

Behandling

Ytterligere redusert pris på periodebilletter i revidert nasjonalbudsjett, foreslått av Jonas Maas Nilsen, Miljøpartiet De Grønne

I revidert nasjonalbudsjett er tilskuddsposten for redusert pris på periodebilletter styrket, slik at fylkeskommunene kan søke om en ytterligere prisreduksjon på om lag 160 kroner. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren søke på dette tilskuddet så snart som mulig.

Konsekvensar av RNB 2026, foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet

Fylkestinget syner til samrøystes vedtak i samferdselsutvalet i sak 39/26 vedkomande ekstraløyvingar i RNB 2026 til fylkesveg og vedtek fylgjande:

Fylkestinget syner til ekstra løyving til fylkesvegane som fylkeskommunen får som frie midlar i revidert nasjonalbudsjett 2026. Fylkestinget forventar at desse midlane vert nytta i sin heilskap til fylkesveg. Fylkestinget ber om at ein nyttar midlane til trafikktrygging og dekkelegging. Fylkestinget syner ellers til at med dagens løyvingar så aukar vedlikehaldsetterslepet på fylkesveg med ca 500 millionar årleg. Dette betyr at løyvingane til fylkesvegane må kraftig oppjusterast.

Ekstra midlar til kollektivdrift i RNB 2026

Fylkestinget syner til at forliket inneber løyvingar til å ytterlegare redusere prisen på periodebilletter, samt løyvingar til å styrke kollektivtilbodet.

Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren legge fram sak for å følge opp dette og for rette opp skeivheiter i variabel prissetting av kollektivtilbod på samme strekningar.

Tillegg til forslaget frå Hans Olav Myklebust, foreslått av Anders Riise, Høyre

Følgande vert lagt til forslaget til Hans Olav Myklebust med fleire:

Det varsla tillegget i RNB til veg på ca 68 mill vert å innarbeide i revidert budsjett 2026

Jonas Maas Nilsen fekk permisjon kl. 11.00 - 46 voterande.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Fylkesutvalet - 03.06.2026**

For: 46 stemmer (100%) - AP 8, FRP 10, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Ytterligere redusert pris på periodebilletter i revidert nasjonalbudsjett**

Jonas Maas Nilsen (MDG), Andre parti: AP, SV

For: 41 stemmer (89%) - AP 8, FRP 10, H 5, INP 1, KDL 1, KRF 3, NML 1, SP 5, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 5 stemmer (11%) - H 4, SUNML 1

Stemmer:

Hans Kjetil Knutsen (SUNML)

Torgeir Dahl (H)

Anne Sølvi Vatne (H)

Carl-Henrik Myrseth Moltumyr (H)

Torill Velle (H)

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Konsekvensar av RNB 2026**

Hans Olav Myklebust (FRP), Andre parti: AP, FRP, H, INP, KRF, MDG, SP, SV, V

For: 46 stemmer (100%) - AP 8, FRP 10, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 4 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Tillegg til forslaget frå Hans Olav Myklebust**

Anders Riise (H)

For: 46 stemmer (100%) - AP 8, FRP 10, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkesutvalet, 03.06.2026 - 47/26

Innstilling:

1. Fylkestinget tar "Økonomirapportering per 1. tertial 2026 inkl. forslag til budsjettendringar" til orientering.

2. Fylkestinget vedtek følgjande endringar i driftsbudsjettet for 2026.

<i>(i heile tusen)</i>		
Tiltak:	Auka utgift/ red. inntekt	Red utgift/ auka inntekt
Reduksjon fylkestingsramme "Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar" - miljøfyrårnskoordinator		200
Auke fylkestingsramme "Bygg- og eigedomstenester" - miljøfyrårnskoordinator	200	
Reduksjon fylkestingsramme "Kompetanse og næringsområdet" - endra berekning øyremarka tilskot		5 780
Reduksjon fylkestingsramme "Tannhelseområdet", mindreforbruk lønn klinikkar		7 000
Avsette til disposisjonsfond	12 780	
Auke fylkestingsramme "Kulturområdet" - endra berekning øyremarka tilskot	2 778	
Bruk av disposisjonsfond		2 778
SUM	15 758	15 758

3. Fylkestinget vedtek følgjande endringar i investeringsbudsjettet for 2026:

(i heile tusen)		
Tiltak:	Auka utgift/ red. inntekt	Red utgift/ auka inntekt
Reduksjon Solenergianlegg		5 000
Reduksjon Gjermundnes vgs		4 000
Reduksjon Hustadvika vgs - marinefag		30 000
Reduksjon Spjelkavik arena		10 000
Reduksjon Tannhelse - utstyr		2 000
Reduksjon Utstyr fagskolen i Møre og Romsdal		4 000
Reduksjon Bruer		28 283
Reduksjon Bussdepot		18 000
Reduksjon Bypakkar		29 014
Reduksjon Ferjekaier		13 900
Reduksjon Tunneloppgradering		25 522
Reduksjon Veginvestering		14 288
Reduksjon Vegprosjekt		3 505
Auke FRAM	36 400	
Auke Miljø og servicetiltak	3 500	
Auke Tilskot frå andre - Enova-støtte		15 300
Auke Tilskot frå andre - overføring frå Smøla kommune		2 869
Reduksjon bompengebidrag - Bypakkar	27 555	
Reduksjon momskompensasjon	20 296	
Reduksjon bruk av lån	117 930	
SUM	205 681	205 681

4. Fylkestinget vedtek å redusere opptak av lån i 2026 med 117,930 mill. kroner til 270,812 mill. kroner.

5. Fylkestinget vedtek at "Reglement for Møre og Romsdal fylkeskommunes finans- og gjeldsforvaltning" blir lagt fram for politisk behandling neste gang i desember 2027. "Reglement for Møre og Romsdal fylkeskommunes finans- og gjeldsforvaltning" vedtatt av fylkestinget 06.12.2021 vil gjelde fram til revidert reglement er vedtatt.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Fylkestinget tar "Økonomirapportering per 1. tertial 2026 inkl. forslag til budsjettendringar" til orientering.

2. Fylkestinget vedtek følgende endringar i driftsbudsjettet for 2026.

(i heile tusen)

Tiltak:	Auka utgift/ red. inntekt	Red utgift/ auka inntekt
Reduksjon fylkestingsramme "Fylkeskommunedirektøren og stabsfunksjonar" - miljøfyrårnskoordinator		200
Auke fylkestingsramme "Bygg- og eigedomstenester" - miljøfyrårnskoordinator	200	
Reduksjon fylkestingsramme "Kompetanse og næringsområdet" - endra berekning øymerka tilskot		5 780
Reduksjon fylkestingsramme "Tannhelseområdet", mindreforbruk lønn klinikkar		7 000
Avsette til disposisjonsfond	12 780	
Auke fylkestingsramme "Kulturområdet" - endra berekning øymerka tilskot	2 778	
Bruk av disposisjonsfond		2 778
SUM	15 758	15 758

3. Fylkestinget vedtek følgjande endringar i investeringsbudsjettet for 2026:

(i heile tusen)

Tiltak:	Auka utgift/ red. inntekt	Red utgift/ auka inntekt
Reduksjon Solenergianlegg		5 000
Reduksjon Gjermundnes vgs		4 000
Reduksjon Hustadvika vgs - marinefag		30 000
Reduksjon Spjelkavik arena		10 000
Reduksjon Tannhelse - utstyr		2 000
Reduksjon Utstyr fagskolen i Møre og Romsdal		4 000
Reduksjon Bruer		28 283
Reduksjon Bussdepot		18 000
Reduksjon Bypakkar		29 014
Reduksjon Ferjekaier		13 900
Reduksjon Tunneloppgradering		25 522
Reduksjon Veginvestering		14 288
Reduksjon Vegprosjekt		3 505
Auke FRAM	36 400	
Auke Miljø og servicetiltak	3 500	
Auke Tilskot frå andre - Enova-støtte		15 300
Auke Tilskot frå andre - overføring frå Smøla kommune		2 869
Reduksjon bompengebidrag - Bypakkar	27 555	
Reduksjon momskompensasjon	20 296	
Reduksjon bruk av lån	117 930	
SUM	205 681	205 681

4. Fylkestinget vedtek å redusere opptak av lån i 2026 med 117,930 mill. kroner til 270,812 mill. kroner.

5. Fylkestinget vedtek at "Reglement for Møre og Romsdal fylkeskommunes finans- og gjeldsforvaltning" blir lagt fram for politisk behandling neste gang i desember 2027. "Reglement for Møre og Romsdal fylkeskommunes finans- og gjeldsforvaltning" vedtatt av fylkestinget 06.12.2021 vil gjelde fram til revidert reglement er vedtatt.

PS 23/26 Endring av delegeringsreglement for plansaker og dispensasjonssøknadar

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

Fylkestinget vedtek følgande delegeringsreglement som erstatning for reglement om delegering av mynde i plansaker og dispensasjonssaker (vedtatt 07.12.2009, T-sak 74/09):

1. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å fremme og følge opp det som blir omtalt som «tekniske motsegner»(rettsbruk):
 - motsegner som gjeld formelle krav til innhald og prosess i kommunale plansaker, jf. pbl § 4-1, 4-2, 4-3, 11-5, 12-1 og 12-14.
2. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gi høyringsuttale til kommunale planar som rører ved fylkeskommune sine ansvarsområder, jfr Pbl 5-4 1.ledd. Dersom det er aktuelt å fremme motsegn til planen får fylkeskommunedirektøren fullmakt til å samarbeide med kommunen for å komme til semje. Dersom det framleis etter dialog med kommunen likevel er aktuelt å fremje motsegn til planen, skal saka leggst fram for fylkesutvalet før eventuell motsegn.
3. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gi høyringsuttale til søknadar om dispensasjonar som rører ved fylkeskommunen sine ansvarsområde. Dersom det kan vere aktuelt å klage på eit eventuelt positivt vedtak i kommunen etter denne høyringsuttalen, så skal saka leggst fram for fylkesutvalet før eventuell klage vert å sende kommunen.
4. Fylkeskommunedirektøren får ansvar for å organisere obligatorisk opplæring i planrett og fylkeskommunen sitt ansvar innan planlegging for medlemane og varamedlemane i fylkesutvalet ved starten av kvar valperiode.

I dei tilfella (unntaksvis) det ikkje let seg gjere å gjennomføre møte i fylkesutvalet, får fylkeskommunedirektøren mynde til å gi motsegner og klage for å halde tidsfristane. I slike saker skal motsegner i plansaker og klagar i dispensasjonssaker merkast med at fylkesutvalet skal endeleg avgjere saka.

Slike tilfeller skal avklarast med fylkesordførar

Behandling

Endring delegeringsreglement, foreslått av Anders Riise, Høyre

I dei tilfella (unntaksvis) det ikkje let seg gjere å gjennomføre møte i fylkesutvalet, får fylkeskommunedirektøren mynde til å gi motsegner og klage for å halde tidsfristane. I slike saker skal motsegner i plansaker og klagar i dispensasjonssaker merkast med at fylkesutvalet skal endeleg avgjere saka.

Tillegg til framlegg frå fylkesordførar, foreslått av Hans Olav Myklebust, Fremskrittspartiet

Slike tilfeller skal avklarast med fylkesordførar

Fylkesordføraren søkte om permisjon frå kl. 12.00.

Fylkesordføraren bad om at det blei oppnemnt ein settefylkesvaraordførar for møtet, jf. kommunelova § 11-2 tredje ledd.

Jessica Gärtner (H) foreslo Torgeir Dahl (H) som settefylkesvaraordførar.

Torgeir Dahl (H) blei samrøystes valt som settefylkesvaraordførar for resten av tingsamlinga.

Jonas Maas Nilsen (MDG) tok sete igjen - 47 voterande.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Fylkesutvalet - 03.06.2026**

For: 42 stemmer (89%) - AP 8, FRP 10, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, SP 5, SUNML 1, UAVH 2, V 2

Mot: 5 stemmer (11%) - MDG 1, NML 1, SV 3

Stemmer:

Jonas Maas Nilsen (MDG)

Anders Lindbeck (SV)

Dina Gaupseth (NML)

Marit Aklestad (SV)

Yvonne Wold (SV)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Endring delegeringsreglement**

Anders Riise (H)

For: 46 stemmer (98%) - AP 8, FRP 10, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 1

Mot: 1 stemme (2%) - V 1

Stemmer:

Pål Farstad (V)

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Tillegg til framlegg frå fylkesordførar**

Hans Olav Myklebust (FRP)

For: 44 stemmer (94%) - AP 8, FRP 10, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, UAVH 2, V 2

Mot: 3 stemmer (6%) - SV 3

Stemmer:

Anders Lindbeck (SV)

Marit Aklestad (SV)

Yvonne Wold (SV)

Fylkesutvalet, 03.06.2026 - 51/26

Innstilling:

Fylkestinget vedtek følgande delegeringsreglement som erstatning for reglement om delegering av mynde i plansaker og dispensasjonssaker (vedtatt 07.12.2009, T-sak 74/09):

1. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å fremme og følgje opp det som blir omtalt som «tekniske motsegner»(rettsbruk):
 - motsegner som gjeld formelle krav til innhald og prosess i kommunale plansaker, jf. pbl § 4-1, 4-2, 4-3, 11-5, 12-1 og 12-14.
2. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gi høyringsuttale til kommunale planar som rører ved fylkeskommune sine ansvarsområder, jfr Pbl 5-4 1.ledd. Dersom det er aktuelt å fremme motsegn til planen får fylkeskommunedirektøren fullmakt til å samarbeide med kommunen for å komme til semje. Dersom det framleis etter dialog med kommunen likevel er aktuelt å fremje motsegn til planen, skal saka leggest fram for fylkesutvalet før eventuell motsegn.

3. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gi høyringsuttale til søknadar om dispensasjonar som rører ved fylkeskommunen sine ansvarsområde. Dersom det kan vere aktuelt å klage på eit eventuelt positivt vedtak i kommunen etter denne høyringsuttalen, så skal saka leggst fram for fylkesutvalet før eventuell klage vert å sende kommunen.
4. Fylkeskommunedirektøren får ansvar for å organisere obligatorisk opplæring i planrett og fylkeskommunen sitt ansvar innan planlegging for medlemne og varamedlemne i fylkesutvalet ved starten av kvar valperiode.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkestinget vedtek følgande delegeringsreglement som erstatning for reglement om delegering av mynde i plansaker og dispensasjonssaker (vedtatt 07.12.2009, T-sak 74/09):

1. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å fremme og følgje opp det som blir omtalt som «tekniske motsegner»(rettsbruk):
 - motsegner som gjeld formelle krav til innhald og prosess i kommunale plansaker, jf. pbl § 4-1, 4-2, 4-3, 11-5, 12-1 og 12-14.
 - motsegner heimla i særlovgiving med tilhøyrande forskrifter, jf. pbl §5-4, 4. ledd.
2. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gi høyringsuttale til kommunale planar som rører ved fylkeskommunen sine ansvarsområde og sende motsegn innan fristen jf. Pbl § 5-4, 1. ledd. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å samarbeide med kommunane for å løyse motsegner. Dersom det ikkje blir oppnådd semje, skal fylkeskommunedirektøren legge fram saka til behandling i fylkesutvalet. Fylkesutvalet kan velje å oppretthalde eller trekke motsegna.
3. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gi høyringsuttale til søknadar om dispensasjonar som rører ved fylkeskommunen sine ansvarsområde. Om kommunen gjer positivt vedtak om dispensasjon som er i strid med fylkeskommunen sine ansvarsområde, får fylkeskommunedirektøren mynde til å sende klage innan fristen. Klagen skal så leggst fram på første møte i fylkesutvalet som kan velje å oppretthalde eller trekke klagen.
4. Fylkeskommunedirektøren får ansvar for å organisere obligatorisk opplæring i planrett og fylkeskommunen sitt ansvar innan planlegging for medlemne og varamedlemne i fylkesutvalet ved starten av kvar valperiode.

PS 24/26 Konkurransetsetting ferjetenester Brattvåg-Dryna

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

Fylkestinget vedtek konkurranseutsetting av ferjedrift i sambandet Brattvåg-Dryna slik det går fram av saksframlegget og ber fylkeskommunedirektøren gjennomføre konkurransen.

Fylkeskommunedirektøren tildeler kontrakt innanfor den økonomiske ramma som er satt. Fylkestinget gir Fylkesutvalet fullmakt til å handsame og eventuelt tildele kontrakt om tilbodet er utanfor økonomisk ramme.

Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren mynde til å tildele nødvendige løyver til den operatøren som blir tildelt kontrakten.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Fylkesutvalet - 03.06.2026**

For: 46 stemmer (98%) - AP 8, FRP 10, H 9, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 1 stemme (2%) - INP 1

Stemmer:

Nils Olav Moen (INP)

Samferdselsutvalet, 11.05.2026 - 30/26

Tilråding:

Fylkestinget vedtek konkurranseutsetting av ferjedrift i sambandet Brattvåg-Dryna slik det går fram av saksframlegget og ber fylkeskommunedirektøren gjennomføre konkurransen.

Fylkeskommunedirektøren tildeler kontrakt innanfor den økonomiske ramma som er satt. Fylkestinget gir Fylkesutvalet fullmakt til å handsame og eventuelt tildele kontrakt om tilbodet er utanfor økonomisk ramme.

Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren mynde til å tildele nødvendige løyver til den operatøren som blir tildelt kontrakten.

Innstilling:

Fylkestinget vedtek konkurranseutsetting av ferjedrift i sambandet Brattvåg-Dryna slik det går fram av saksframlegget og ber fylkeskommunedirektøren gjennomføre konkurransen.

Fylkeskommunedirektøren tildeler kontrakt innanfor den økonomiske ramma som er satt. Fylkestinget gir Fylkesutvalet fullmakt til å handsame og eventuelt tildele kontrakt om tilbodet er utanfor økonomisk ramme.

Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren mynde til å tildele nødvendige løyver til den operatøren som blir tildelt kontrakten.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkestinget vedtek konkurranseutsetting av ferjedrift i sambandet Brattvåg-Dryna slik det går fram av saksframlegget og ber fylkeskommunedirektøren gjennomføre konkurransen.

Fylkeskommunedirektøren tildeler kontrakt innanfor den økonomiske ramma som er satt. Fylkestinget gir Fylkesutvalet fullmakt til å handsame og eventuelt tildele kontrakt om tilbodet er utanfor økonomisk ramme.

Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren mynde til å tildele nødvendige løyver til den operatøren som blir tildelt kontrakten.

PS 25/26 Konkurranseutsetting ferjetenester Utasundsruta

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

Fylkestinget vedtek konkurranseutsetting av ferjedrift i sambandet Småge-Orta-Finnøya-Sandøya-Ona slik det går fram av saksframlegget og ber fylkeskommunedirektøren gjennomføre konkurransen. Det blir lagt inn opsjon på responstid reservefartøy på 36 timar.

Fylkeskommunedirektøren tildeler kontrakt innanfor den økonomiske ramma som er satt. Fylkestinget gir Fylkesutvalet fullmakt til å handsame og eventuelt tildele kontrakt om tilbodet er utanfor økonomisk ramme.

Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren mynde til å tildele nødvendige løyver til den operatøren som blir tildelt kontrakten.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Fylkesutvalet - 03.06.2026**

For: 47 stemmer (100%) - AP 8, FRP 10, H 9, INP 1, KDL 1, KRF 3, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Samferdselsutvalet, 11.05.2026 - 31/26

Tilråding:

Fylkestinget vedtek konkurranseutsetting av ferjedrift i sambandet Småge-Orta-Finnøya-Sandøya-Ona slik det går fram av saksframlegget og ber fylkeskommunedirektøren gjennomføre konkurransen.

Fylkeskommunedirektøren tildeler kontrakt innanfor den økonomiske ramma som er satt. Fylkestinget gir Fylkesutvalet fullmakt til å handsame og eventuelt tildele kontrakt om tilbodet er utanfor økonomisk ramme.

Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren mynde til å tildele nødvendige løyver til den operatøren som blir tildelt kontrakten.

Fylkesutvalet, 03.06.2026 - 53/26

Innstilling:

Fylkestinget vedtek konkurranseutsetting av ferjedrift i sambandet Småge-Orta-Finnøya-Sandøya-Ona slik det går fram av saksframlegget og ber fylkeskommunedirektøren gjennomføre konkurransen. Det blir lagt inn opsjon på responstid reservefartøy på 36 timar.

Fylkeskommunedirektøren tildeler kontrakt innanfor den økonomiske ramma som er satt. Fylkestinget gir Fylkesutvalet fullmakt til å handsame og eventuelt tildele kontrakt om tilbodet er utanfor økonomisk ramme.

Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren mynde til å tildele nødvendige løyver til den operatøren som blir tildelt kontrakten.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkestinget vedtek konkurranseutsetting av ferjedrift i sambandet Småge-Orta-Finnøya-Sandøya-Ona slik det går fram av saksframlegget og ber fylkeskommunedirektøren gjennomføre konkurransen.

Fylkeskommunedirektøren tildeler kontrakt innanfor den økonomiske ramma som er satt. Fylkestinget gir Fylkesutvalet fullmakt til å handsame og eventuelt tildele kontrakt om tilbodet er utanfor økonomisk ramme.

Fylkestinget gir fylkeskommunedirektøren mynde til å tildele nødvendige løyver til den operatøren som blir tildelt kontrakten.

PS 30/26 Strategi og rammer for økonomiplan 2027-2030

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

1. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren utarbeide eit framlegg til økonomiplan med handlingsplan for 2027-2030 med budsjett for 2027. Budsjett og økonomiplan skal tilpasse inntekter og kostnader på ein måte som sikrar ei berekraftig og sunn fylkeskommunal drift i økonomiplanperioden.
2. Fylkestinget har som målsetting at årleg netto driftsresultat over tid skal vere på minst 4 prosent av brutto driftsinntekt, for å minimum dekke dagens ras- og tunnelsikringsmidlar. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren foreslå omstillings- og innsparingstiltak som medfører at målsettinga for netto driftsresultat vert nådd.
3. Fylkestinget har som målsetting at årleg disposisjonsfond på sikt skal vere på om lag 10 prosent av brutto driftsinntekt. Beløp over 10 prosent kan nyttast til eigenfinansiering av investeringar.
4. Fylkestinget har som målsetting at korrigert gjeldsgrad skal være under 95 prosent av brutto driftsinntekt i økonomiplanperioden, med eit langsiktig mål om å kome ned på 90 prosent.

Behandling

Skjerme kulturfeltet for kutt, foreslått av Jonas Maas Nilsen, Miljøpartiet De Grønne

Fylkestinget ber derfor fylkeskommunedirektøren skjerme kulturfeltet for kutt i økonomiplanen for 2027.

Skjerme skolene for kutt, foreslått av Jonas Maas Nilsen, Miljøpartiet De Grønne

Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren skjerme skolene for kutt i økonomiplanen for 2027.

Skuleveg og trafikksikringstiltak, foreslått av Geir Ove Leite, Arbeiderpartiet

Prioritere trygge skuleveggar og trafikksikringstiltak i tilknytning til fylkesveggar. Utarbeide ein plan for å få mest mogleg for midlane. Både større tiltak og mindre tiltak

Bruer og tunnellar, foreslått av Geir Ove Leite, Arbeiderpartiet

Opprusting av bruer og tiltak etter tunnelsikkerheitsforskrifta kan ikkje nedprioriterast, då dette på sikt kan føre til at bruer og tunnelar må stengjast eller få innskrenka bruk.

Endring i punkt 4, foreslått av Jessica Gärtner, Høyre

Fylkestinget har som målsetting at korrigert gjeldsgrad skal være under 95 prosent av brutto driftsinntekt i økonomiplanperioden, med eit langsiktig mål om å kome på under 90 prosent.

Styrking av kulturfeltet, foreslått av Yvonne Wold, SV - Sosialistisk Venstreparti

Fylkestinget ber om ei nødvendig styrking av kulturfeltet i den kommende budsjett- og økonomiplanen, slik at vedtatt "Fylkesstrategi for kultur - meining, meistring og motstandskraft" kan gjennomføres.

Anders Riise (H) og Harry Valderhaug (KRF) fekk permisjon frå kl. 12.00 - 45 voterande.

Anne Marie Fiksdal (FRP) tok over som møteleiar og Torgeir Dahl (H) tok sete som settefylkesvaraordførar.

Votering nr 1 - Votering over punkter

Punkt: **Fylkesutvalet si innstilling punkt 1, 2 og 3**

For: 45 stemmer (100%) - AP 8, FRP 10, H 8, INP 1, KDL 1, KRF 2, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over punkter

Fylkesutvalet si innstilling punkt 4: 34 stemmer (76%) - AP 8, FRP 10, INP 1, KDL 1, KRF 2, MDG 1, NML 1, SP 2, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Forslaget fremma av Jessica Gärtner (H) punkt 4: 11 stemmer (24%) - H 8, SP 3

Stemmer:

Dordi Boksasp Lerum (SP)

Jessica Gärtner (H)

Carl-Henrik Myrseth Moltumyr (H)

Lene Vadseth Larsgård (H)

Trygve Grydeland (H)

Anne Sølvi Vatne (H)

Bente Bruun (H)

Torill Velle (H)

Torgeir Dahl (H)

Lisa Alvestad (SP)

Henrik Stensønes (SP)

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Styrking av kulturfeltet**

Yvonne Wold (SV), Andre parti: AP, MDG, NML, SP, SV

For: 19 stemmer (42%) - AP 8, MDG 1, NML 1, SP 5, SV 3, UAVH 1

Stemmer:

Geir Ove Leite (AP)

Dordi Boksasp Lerum (SP)

Per Ivar Lied (SP)

Tove Henøen (SP)

Marit Aklestad (SV)

Anders Lindbeck (SV)

Silje Alise Ness (UAVH)

Jonas Maas Nilsen (MDG)

Jens Aklestad (AP)
Line Hatmosø Hoem (AP)
Eirin Andersen Gravem (AP)
Dina Gaupseth (NML)
Yvonne Wold (SV)
Erling Vestre (AP)
Hanne Notøy (AP)
Hege Merethe Gagnat (AP)
Fredric Holen Bjørdal (AP)
Lisa Alvestad (SP)
Henrik Stensønes (SP)

Mot: 26 stemmer (58%) - FRP 10, H 8, INP 1, KDL 1, KRF 2, SUNML 1, UAVH 1, V 2

Votering nr 4 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Skjerme kulturfeltet for kutt**

Jonas Maas Nilsen (MDG)

For: 19 stemmer (42%) - AP 8, MDG 1, NML 1, SP 5, SV 3, UAVH 1

Stemmer:

Dordi Boksasp Lerum (SP)
Anders Lindbeck (SV)
Per Ivar Lied (SP)
Tove Henøen (SP)
Jens Aklestad (AP)
Erling Vestre (AP)
Marit Aklestad (SV)
Line Hatmosø Hoem (AP)
Hege Merethe Gagnat (AP)
Jonas Maas Nilsen (MDG)
Dina Gaupseth (NML)
Geir Ove Leite (AP)
Fredric Holen Bjørdal (AP)
Silje Alise Ness (UAVH)
Hanne Notøy (AP)
Eirin Andersen Gravem (AP)
Lisa Alvestad (SP)
Henrik Stensønes (SP)
Yvonne Wold (SV)

Mot: 26 stemmer (58%) - FRP 10, H 8, INP 1, KDL 1, KRF 2, SUNML 1, UAVH 1, V 2

Votering nr 5 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Skjerme skolene for kutt**

Jonas Maas Nilsen (MDG)

For: 20 stemmer (44%) - AP 8, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 1

Stemmer:

Eirin Andersen Gravem (AP)

Dordi Boksasp Lerum (SP)

Anders Lindbeck (SV)

Henrik Stensønes (SP)

Per Ivar Lied (SP)

Jonas Maas Nilsen (MDG)

Hege Merethe Gagnat (AP)

Erling Vestre (AP)

Tove Henøen (SP)

Line Hatmosø Hoem (AP)

Hanne Notøy (AP)

Fredric Holen Bjørdal (AP)

Jens Aklestad (AP)

Dina Gaupseth (NML)

Marit Aklestad (SV)

Hans Kjetil Knutsen (SUNML)

Lisa Alvestad (SP)

Geir Ove Leite (AP)

Silje Alise Ness (UAVH)

Yvonne Wold (SV)

Mot: 25 stemmer (56%) - FRP 10, H 8, INP 1, KDL 1, KRF 2, UAVH 1, V 2

Votering nr 6 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Skuleveg og trafikksikringstiltak**

Geir Ove Leite (AP)

For: 22 stemmer (49%) - AP 8, FRP 1, INP 1, KDL 1, MDG 1, NML 1, SP 5, SV 3, UAVH 1

Stemmer:

Dordi Boksasp Lerum (SP)

Anders Lindbeck (SV)

Geir Ove Leite (AP)

Line Hatmosø Hoem (AP)
Per Ivar Lied (SP)
Jonas Maas Nilsen (MDG)
Bjarne Kvalsvik (KDL)
Jens Aklestad (AP)
Hanne Notøy (AP)
Nils Olav Moen (INP)
Lisa Alvestad (SP)
Marit Aklestad (SV)
Yvonne Wold (SV)
Dina Gaupseth (NML)
Erling Vestre (AP)
Hege Merethe Gagnat (AP)
Tove Henøen (SP)
Silje Alise Ness (UAVH)
Eirin Andersen Gravem (AP)
Henrik Stensønes (SP)
Fredric Holen Bjørdal (AP)
Anne Marie Fiksdal (FRP)

Mot: 23 stemmer (51%) - FRP 9, H 8, KRF 2, SUNML 1, UAVH 1, V 2

Votering nr 7 - Votering over forslag

Forslag: **TF - Bruer og tunnellar**

Geir Ove Leite (AP)

For: 21 stemmer (47%) - AP 8, INP 1, KDL 1, MDG 1, NML 1, SP 5, SV 3, UAVH 1

Stemmer:

Jens Aklestad (AP)
Geir Ove Leite (AP)
Hanne Notøy (AP)
Dina Gaupseth (NML)
Tove Henøen (SP)
Line Hatmosø Hoem (AP)
Hege Merethe Gagnat (AP)
Dordi Boksasp Lerum (SP)
Fredric Holen Bjørdal (AP)
Bjarne Kvalsvik (KDL)
Nils Olav Moen (INP)
Yvonne Wold (SV)
Jonas Maas Nilsen (MDG)

Anders Lindbeck (SV)
Marit Aklestad (SV)
Henrik Stensønes (SP)
Silje Alise Ness (UAVH)
Erling Vestre (AP)
Eirin Andersen Gravem (AP)
Per Ivar Lied (SP)
Lisa Alvestad (SP)

Mot: 24 stemmer (53%) - FRP 10, H 8, KRF 2, SUNML 1, UAVH 1, V 2

Fylkesutvalet, 03.06.2026 - 48/26

Innstilling:

1. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren utarbeide eit framlegg til økonomiplan med handlingsplan for 2027-2030 med budsjett for 2027. Budsjett og økonomiplan skal tilpasse inntekter og kostnader på ein måte som sikrar ei berekraftig og sunn fylkeskommunal drift i økonomiplanperioden.
2. Fylkestinget har som målsetting at årleg netto driftsresultat over tid skal vere på minst 4 prosent av brutto driftsinntekt, for å minimum dekke dagens ras- og tunnelsikringsmidlar. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren foreslå omstillings- og innsparingstiltak som medfører at målsettinga for netto driftsresultat vert nådd.
3. Fylkestinget har som målsetting at årleg disposisjonsfond på sikt skal vere på om lag 10 prosent av brutto driftsinntekt. Beløp over 10 prosent kan nyttast til eigenfinansiering av investeringar.
4. Fylkestinget har som målsetting at korrigert gjeldsgrad skal være under 95 prosent av brutto driftsinntekt i økonomiplanperioden, med eit langsiktig mål om å kome ned på 90 prosent.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren utarbeide eit framlegg til økonomiplan med handlingsplan for 2027-2030 med budsjett for 2027. Budsjett og økonomiplan skal tilpasse inntekter og kostnader på ein måte som sikrar ei berekraftig og sunn fylkeskommunal drift i økonomiplanperioden.

2. Fylkestinget har som målsetting at årleg netto driftsresultat over tid skal vere på minst 4 prosent av brutto driftsinntekt, for å minimum dekke dagens ras- og tunnelsikringsmidlar. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren foreslå omstillings- og innsparingstiltak som medfører at målsettinga for netto driftsresultat vert nådd.
3. Fylkestinget har som målsetting at årleg disposisjonsfond på sikt skal vere på om lag 10 prosent av brutto driftsinntekt. Beløp over 10 prosent kan nyttast til eigenfinansiering av investeringar.
4. Fylkestinget har som målsetting at korrigert gjeldsgrad skal være under 95 prosent av brutto driftsinntekt i økonomiplanperioden, med eit langsiktig mål om å kome ned på 90 prosent.

PS 26/26 Sørsundbrua - omfang del 2 av prosjektet

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren arbeide vidare med planlagt løysing og omfang for del 2 av utbetringa av Sørsundbrua. Det betyr m.a. at det ikkje blir arbeidd vidare med å etablere påhengt gangbane over brua.

Fylkestinget er kjende med at venta totalkostnad har auka med opp mot 100 mill. kroner og ber om at auka kostnader blir innarbeidd i komande økonomiplan. Ny kostnadsramme blir dermed fastsett gjennom økonomiplanen når sikrare kostnadsestimat ligg føre.

Behandling

Arbeide vidare med løysingar for gåande og syklande over brua, foreslått av Jonas Maas Nilsen, Miljøpartiet De Grønne

Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren arbeide vidare med planlagt løysing og omfang for del 2 av utbetringa av Sørsundbrua.

Fylkestinget er kjende med at venta totalkostnad har auka med opp mot 100 mill. kroner og ber om at auka kostnader blir innarbeidd i komande økonomiplan. Ny kostnadsramme blir dermed fastsett gjennom økonomiplanen når sikrare kostnadsestimat ligg føre.

Fylkestinget ber samtidig fylkeskommunedirektøren innarbeide påhengt gangbane i det vidare arbeidet med del 2 av prosjektet og komme tilbake til fylkestinget med forslag til finansiering og oppdatert kostnadsoverslag i samband med komande økonomiplan.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Innstilling fra Fylkesutvalet - 03.06.2026**

For: 44 stemmer (98%) - AP 8, FRP 10, H 8, INP 1, KRF 2, MDG 1, NML 1, SP 5, SUNML 1, SV 3, UAVH 2, V 2

Mot: 1 stemme (2%) - KDL 1

Stemmer:

Bjarne Kvalsvik (KDL)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **EF - Arbeide vidare med løysingar for gåande og syklande over brua**

Jonas Maas Nilsen (MDG)

For: 12 stemmer (27%) - INP 1, KDL 1, MDG 1, NML 1, SP 3, SV 3, UAVH 1, V 1

Stemmer:

Jonas Maas Nilsen (MDG)

Tove Henøen (SP)

Yvonne Wold (SV)

Nils Olav Moen (INP)

Marit Aklestad (SV)

Dina Gaupseth (NML)

Anders Lindbeck (SV)

Per Ivar Lied (SP)

Bjarne Kvalsvik (KDL)

Henrik Stensønes (SP)

Silje Alise Ness (UAVH)

Pål Farstad (V)

Mot: 33 stemmer (73%) - AP 8, FRP 10, H 8, KRF 2, SP 2, SUNML 1, UAVH 1, V 1

Fylkesutvalet, 03.06.2026 - 54/26

Innstilling:

Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren arbeide vidare med planlagt løysing og omfang for del 2 av utbetringa av Sørsundbrua. Det betyr m.a. at det ikkje blir arbeidd vidare med å etablere påhengt gangbane over brua.

Fylkestinget er kjende med at venta totalkostnad har auka med opp mot 100 mill. kroner og ber om at auka kostnader blir innarbeidd i komande økonomiplan. Ny kostnadsramme blir dermed fastsett gjennom økonomiplanen når sikrare kostnadsestimat ligg føre.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren arbeide vidare med planlagt løysing og omfang for del 2 av utbetringa av Sørsundbrua. Det betyr m.a. at det ikkje blir arbeidd vidare med å etablere påhengt gangbane over brua.

Fylkestinget er kjende med at venta totalkostnad har auka med opp mot 100 mill. kroner og ber om at auka kostnader blir innarbeidd i komande økonomiplan. Ny kostnadsramme blir dermed fastsett gjennom økonomiplanen når sikrare kostnadsestimat ligg føre.

IP 02/26 Interpellasjon frå Jonas Maas Nilsen (MDG) - Etablering av åpenhetsregister i Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkestinget 16.06.2026

Behandling

Styrke demokratiet og åpenheten, foreslått av Jonas Maas Nilsen, Miljøpartiet De Grønne

Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren komme tilbake med en sak om hvordan åpenheten rundt kontakt mellom folkevalgte og eksterne påvirkningsaktører kan styrkes, herunder etablering av et åpenhetsregister.

Fylkesordføraren sitt svar på interpellasjonen - Anne Marie Fiksdal, Fremskrittspartiet

Fylkesordføraren er prinsipielt positiv til tiltak som kan styrkje openheit og dermed bidra til å bygge og halde ved lag tillit mellom innbyggjarane og dei folkevalde. Eit openheitsregister kan vere eit slikt verkemiddel, ved å synleggjere kontakt mellom beslutningstakarar og ulike aktørar, og på den måten gi betre innsyn i grunnlaget for politiske avgjerder.

Samtidig er det viktig å understreke at ei eventuell innføring av eit slikt register må vurderast grundig.

Ein må og sikre at ordninga faktisk fører til meir openheit og tillit, utan at ho legg uønska føringar på den viktige dialogen mellom folkevalde, næringsliv, organisasjonar og innbyggjarar.

Det er avgjerande at terskelen for kontakt ikkje vert høgare, og at ein tek vare på den opne og uformelle dialogen som er ein viktig del av lokaldemokratiet.

Difor meiner fylkesordføraren at dette er ei sak som bør sjåast i samanheng med arbeidet som går føre seg nasjonalt, mellom anna i KS, og i dialog med andre fylkeskommunar. Gjennom eit slikt samarbeid kan ein hente erfaringar, sikre ein mest mogleg lik praksis og utvikle ei løysing som er både føremålstenleg og godt forankra.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **NF - Styrke demokratiet og åpenheten**

Jonas Maas Nilsen (MDG)

For: 13 stemmer (29%) - AP 4, INP 1, KDL 1, MDG 1, NML 1, SUNML 1, SV 3, UAVH 1

Stemmer:

Yvonne Wold (SV)

Line Hatmosø Hoem (AP)

Jonas Maas Nilsen (MDG)

Marit Aklestad (SV)

Hanne Notøy (AP)

Eirin Andersen Gravem (AP)

Silje Alise Ness (UAVH)

Hans Kjetil Knutsen (SUNML)

Erling Vestre (AP)

Nils Olav Moen (INP)

Dina Gaupseth (NML)

Bjarne Kvalsvik (KDL)

Anders Lindbeck (SV)

Mot: 32 stemmer (71%) - AP 4, FRP 10, H 8, KRF 2, SP 5, UAVH 1, V 2

IP 03/26 Interpellasjon frå Nils Olav Moen (INP) - Kunstig intelligens, automatisering og robotteknologi – betre tenester, trygg bruk og meir verdi for innbyggjarane

Fylkestinget 16.06.2026

Behandling

Fylkesordføraren sitt svar på interpellasjonen - Anne Marie Fiksdal, Fremskrittspartiet

Fylkesordføraren vel å svare samla på Moen sine spørsmål då spørsmålsstillingane bør sjåast i ein heilskapleg samanheng og kontekst.

Fylkesordføraren deler representanten sin vurdering av at kunstig intelligens, automatisering og ny teknologi kan gi betre tenester, betre ressursbruk og auka kvalitet i oppgåveløysinga. Dette er derfor eit viktig område for Møre og Romsdal fylkeskommune framover.

Samstundes er det viktig at arbeidet skjer på ein trygg, ansvarleg og styrt måte. Kunstig intelligens skal ikkje innførast ukritisk, og teknologien skal ikkje erstatte faglege vurderingar, politisk ansvar eller menneskeleg skjøn. Han skal nyttast der han gir reell verdi, der risikoen er handterbar, og der løysingane tek vare på krava til etisk bruk, personvern, informasjonstryggleik, arkiv, openheit og offentleg kontroll.

Bruk av KI, automatisering og robotisering er likevel berre utvalde verktøy innafor digitalisering og digital transformasjon. Det å ta i bruk ny teknologi er ikkje noko mål i seg sjølv. Det må framleis vere slik at det er vi som styrer teknologien og ikkje teknologien som styrer oss.

Organisering og prinsipp for digitaliseringsarbeidet

For å kunne ta ut gevinstar på sikt må ein sikre nødvendig kapasitet og kompetanse til å kunne arbeide systematisk med digitalisering og digital transformasjon. Fylkeskommunen har som representanten Moen er inne på gjort mykje bra dei siste åra innafor ulike fag- og tenesteområde. Innafor enkelte område, slik som t.d. samferdsel og FRAM, har vi hatt eigne utviklarressursar, men det har mangla felles dedikerte utviklingsressursar som kan ta organisasjonen eit steg vidare på tvers av fag- og tenesteområda.

Med bakgrunn i dette har fylkeskommunedirektøren etablert ein Digitaliseringsseksjon i Stab for organisasjon og tenesteutvikling. Seksjonen er ei erstatning av Seksjon for tenesteutvikling og digitalisering etter at Prosjektarenaen er avvikla. I digitaliseringsseksjonen vil det frå hausten 2026 vere 4 tilsette.

3 tilsette i seksjonen skal arbeide dedikert med digitalisering der ein av desse har rolla som KI-utviklar.

Det blir no innført ein strukturert prosess for innmelding av behov og prioritering av digitaliseringstiltak (behovs- og porteføljestyling). Arbeidet vil bli koordinert gjennom eit tett samspel mellom digitaliseringsseksjonen, IT-seksjonen og kontaktar i dei ulike fag- og stabsområda gjennom det vi omtalar som DigiTeam med tilhøyrande nettverk. Områder som gir

dei største gevinstane (tid, økonomi og kvalitet) vil danne grunnlag for prioriteringar og kva som kjem inn i digitaliseringsporteføljen.

Eksempel på korleis vi arbeider med KI og automatisering

- Samferdsel bruker maskinlæringsalgoritmar for automatisk sensur av for eksempel personar i bilde
- Økonomiseksjonen bruker KI for automatisering av kontering og saksbehandling i fakturabehandlinga
- Retningslinjer og grunnleggande opplæring i bruk av språkmodellar og enkle automatiseringsverktøy er tilgjengeleggjort for alle tilsette
- Ca 40 mentorer har regelmessige samlingar for å førebu organisasjonen på ei breiare innføring av språkmodellar (Microsoft Copilot blir testa ut)
- Kompetanse og næring har fått sentrale midlar for å frikjøpe lærarar som KI-pedagogar
- I våre tilsettingsprosessar gjenbrukar vi informasjon i større grad p.g.a. automatisering, noko som reduserer feil og lettar arbeidet for alle i organisasjonen som jobbar med fagfeltet

Organisasjons- og digitaliseringsstrategi

I fylkeskommunen sin uttale til KS sitt debatthefte 2026 – «*Tid for taktskifte*» og i handlingsplan for oppfølging av forvaltningsrevisjon «Personalforvaltning i omstillingsprosessar» er det lagt føringar for arbeidet med revisjon av organisasjonsstrategien. Mykje av innhaldet i organisasjonsstrategien, som vart vedtatt av fylkestinget i oktober 2026, tilrår fylkeskommunedirektøren å vidareføre, men digitalisering er eitt av områda det vil bli arbeidd vidare med. I lys ny nasjonal digitaliseringsstrategi og endra organisering med etablering av ein Digitaliseringsseksjon bør det arbeidast med nye prinsipp og strategiske føringar for digitaliseringsarbeidet. Det vil bli vurdert å utarbeide eit eige handlingsprogram-/plan for digitalisering.

Om sikkerheit, orden i eige hus, personvern og etisk bruk av KI

For å styrke sikkerheita, få orden på eigne data, sikre personvern og etisk bruk av KI blir det arbeidd med:

- Sikring av dokumenter og data i Microsoft 365 for å trygt kunne bruke språkmodellar på tvers i organisasjonen (sensitivitetsetikettar blir tatt i bruk)
- Innføring av dataforvaltning har starta med ERP-prosjektet (ERP står for Enterprise Resource Planning) . Dette er ein føresetnad for KI og automatisering, og for sikker bruk av våre data.
- KI-prinsipp og retningslinjer er utarbeidd og det blir gjennomført opplæring for å gjere desse kjent for tilsette

KI kan gje mange gevinstar, men vi kan også få mange negative konsekvensar om vi ikkje lykkast med å ta KI i bruk på ein trygg og etisk forsvarleg måte. Fylkeskommunen legg derfor vekt på ei offensiv, men balansert tilnærming der det er mykje å lære og hente gjennom tett samarbeid med andre. Dette feltet er derfor tydeleg satt på dagsorden gjennom nettverk- og kollegiesamarbeidet mellom fylkeskommunane.

IP 04/26 Interpellasjon frå Marit Aklestad (SV) - Likeverdig skulehelseteneste for elevane i vidaregåande skule

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

Fylkestinget bed om ei sak til politisk handsaming der vi får belyst skulehelsetilbodet og vurdert tiltak for å oppnå eit meir likeverdig skulehelsetilbod ved dei vidaregåande skulane i fylket.

Behandling

Sak om likeverdig skulehelsetilbod i VGS, foreslått av Marit Aklestad, SV - Sosialistisk Venstreparti

Fylkestinget bed om ei sak til politisk handsaming der vi får belyst skulehelsetilbodet og vurdert tiltak for å oppnå eit meir likeverdig skulehelsetilbod ved dei vidaregåande skulane i fylket.

Fylkesordføraren sitt svar på interpellasjonen - Anne Marie Fiksdal, Fremskrittspartiet

1. Har fylkeskommunen god nok oversikt over skulehelsetenesta som elevane i vgs har tilbod om ved dei ulike skulane og linjene?

I skulehelsetenesta for vidaregåande skole organiserer kommunane tenesta, medan skolane stiller lokale til disposisjon. Skulehelsetenesta er ein viktig del av det totale laget rundt eleven, og er ein del av det førebyggjande arbeidet i elevtenesta saman med t.d. PPT, rådgjevarar og miljøtenesta. Det er likevel eit viktig skilje i at skulehelsetenesta ligg under helse- og omsorgstenestelova, medan dei andre funksjonane i elevtenesta ligg under opplæringslova. Skoleleiinga har dialog med vertskommunen, og har til ei kvar tid oversikt over tilgjengelege ressursar til denne tenesta. Dette er ofte kommentert i årsrapportane som ligg i Kvalitetsmeldinga (sak i fylkestinget i desember kvart år). Det kan også vere tema i leiardialogane med skolane, og skoleeigar blir kopla på om det er utfordringar, t.d. ved vakansar. Tilgang til helsesjukepleiar for elevar i vidaregåande opplæring var sak i Utdannings- og kompetanseutvalet i juni 2022 etter vedtak i fylkestinget (sak UDK 33/22).

2. Kva vil fylkesordføraren gjere for å sikre eit meir likeverdig tilbod?

- Har fylkeskommunen høve til å gå i dialog med kommunane for å klargjere forventningar og minimumskrav?

Kommunane har etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2 plikt til å gi eit skulehelsetenestetilbod også til elevar i vidaregåande skole, og lova seier at tenesta skal vere helsefremjande, førebyggjande og tilgjengeleg. Lova seier ikkje at det må vere ein helsesjukepleiar fysisk til stades på kvar skole eller i ei bestemt bemanning.

Dette blir difor ein del av den kommunale prioriteringa, og fylkeskommunen har ikkje mynde til å instruere kommunane eller sette krav om eit minimum av denne tenesta. Kommunen har altså juridisk ansvar for denne tenesta, sjølv om fylkeskommunen eig dei vidaregåande skolane. Men fylkeskommunen kan framsnakke dette viktige tilbodet i dialogar med kommunane, og t.d. gi tips om søkbare prosjekt for finansiering og ulike løysingar for kommunalt samarbeid.

- Kan det vere aktuelt at fylkeskommunen går inn med eigne midlar for å sikre eit betre tilbod, slik enkelte andre fylkeskommunar gjer?

Det finst døme på fylkeskommunar som medfinansierer helsesjukepleiar i vidaregåande skole, og dette skjer gjerne gjennom lokale samarbeidsavtalar og prosjekt. Om fylkeskommunen skal gå inn med eigne midlar for å sikre eit betre tilbod, må dette vere ein del av budsjettprosessen. Det er då viktig å prioritere dei områda fylkeskommunen har eit lovpålagt ansvar for først. Det har dei siste åra vore eit betydeleg kutt i elevtenesta på mange skolar grunna omstillingane fylkeskommunen har vore gjennom.

3. Kan vi få framlagt ei sak til politisk handsaming der vi får belyst skulehelsetilbodet og vurdert evt. tiltak for å oppnå eit meir likeverdig tilbod ved dei vidaregåande skulane?

Innspel til vurdering: Dette var sak i Utdannings- og kompetanseutvalet i juni 2022. Vi oppmodar til å prioritere dei førebyggjande tiltaka fylkeskommunen har ansvar for.

Fredric Holen Bjørdal (AP) fekk permisjon kl. 14.30 - 44 voterande.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **NF - Sak om likeverdig skulehelsetilbod i VGS**

Marit Aklestad (SV)

For: 30 stemmer (68%) - AP 7, H 8, INP 1, KDL 1, MDG 1, NML 1, SP 5, SV 3, UAVH 1, V 2

Mot: 14 stemmer (32%) - FRP 10, KRF 2, SUNML 1, UAVH 1

Stemmer:

Victoria Smenes (KRF)

Randi Walderhaug Frisvoll (KRF)

Oskar Grimstad (FRP)

Anne Marie Fiksdal (FRP)

Hans Olav Myklebust (FRP)

Hans Kjetil Knutsen (SUNML)

Inger Lise Nerland Skogstad (FRP)
Mary Synnøve Langnes (UAVH)
Norvald Lausund (FRP)
Roger Bach (FRP)
Knut Erik Engh (FRP)
Frank Edvard Sve (FRP)
Gro Anita Loen Sve (FRP)
Geir Asle Stenseth (FRP)

SP 01/26 Spørsmål frå Bente Bruun (H) - økonomi, struktur og kvalitet i videregående opplæring

Fylkestinget 16.06.2026

Behandling

Fylkesordføreren sitt svar på spørsmålet - Anne Marie Fiksdal, Fremskrittspartiet

1. Kan fylkesordføreren orientere fylkestinget om det faktiske omfanget av lærere som er oppsagt som følge av økonomisk innstramming siden posisjonen tok over styringen i 2023?

Svar:

SSB tabell 11900 gir en oversikt over sysselsatte i videregående opplæring.

I perioden 2023 - 2025 viser SSB-tala ein reduksjon på 159 årsverk. Av desse er 50 årsverk lærarar. Øvrige 109 årsverk er leiarar og støttefunksjonar rundt elevane (inkludert utdanningsdelen av KON-avdelinga og reinhaldspersonale som vart overført til bygg og eigedom frå 01.01.24).

Sjølv om det er ein vesentleg reduksjon i tal lærarårsverk ved skolane er dei fleste sakene blitt løyst utan at arbeidsgivar har fatta vedtak om oppseiing. I 2024 og 2025 er 3,45 lærarårsverk fordelt på 5 tilsette blitt oppsagt av arbeidsgivar. Vesentleg fleire har vore meldt overtalige, men desse har anten funne arbeid utanfor fylkeskommunen eller blitt tilbydd anna arbeid gjennom fylkeskommunen sin overtalshandtering (Stillingsbanken). Eg gjer merksam på at tal for andre stillingsgrupper som er omfatta av omstillingsprosessen ikkje er omtalt her då dette ikkje var ein del av spørsmålsstillinga. Det er vanskeleg å skilje mellom kva endringar i tal lærarårsverk som er knytt til økonomiske innsparingskrav og kva som er ein direkte konsekvens av elevane si søking og dermed justering av klassar/tilbod.

2. Kan fylkesordføreren gjøre rede for hvor mange av stillingene som har forsvunnet i videregående opplæring som var faste stillinger? Hvor mange var vikariat eller midlertidige engasjement? Hvordan vurderer fylkesordføreren den reelle effekten dette har hatt på kapasiteten i skolene?

Svar:

I tillegg til tala vi har henta ut frå SSB er det tatt ut rapportar for lønnsaktive stillingar i Visma HRM som viser endringane i tal årsverk fordelt på faste og mellombels tilsette på gitte rapporteringstidspunkt:

Per 31.12.23 utgjorde pedagogisk personale 1323 årsverk. Av desse var 1140 årsverk fast tilsette og 182 årsverk var mellombels tilsett. Per 01.04.26 utgjør pedagogisk personale 1271 årsverk. Av desse var 1118 årsverk fast tilsette og 151 årsverk er mellombels tilsett. Samla er då bemanningsnivået for pedagogisk personale redusert med 52 årsverk frå 31.12.23 til 01.04.26 noko som samsvar godt med tala som er rapportert til SSB. I tala som er henta ut frå Visma HRM er skoleleiarane inkludert medan tilsette i utdanningsdelen av KON-avdelinga ikkje er med. Dette saman med litt ulike rapporteringstidspunkt forklarar skilnaden i tal årsverk mellom desse oversiktane.

Det er også tatt ut rapportar som viser endringar i tal årsverk for ikkje pedagogisk personale ved dei vidaregåande skolane og tilsvarende endringar for fagskolen. Per 31.12.23 utgjorde ikkje pedagogisk personale ved skolane 341 årsverk (fast og mellombels tilsette). Per 01.04.26 utgjør ikkje pedagogisk personale 252 årsverk. Samla er då bemanningsnivået for ikkje pedagogisk personale redusert med 89 årsverk. Om lag 70 av desse årsverka er reinhaldspersonale overført frå skolane til bygg- og eigedomstenester. For fagskolen er det berre mindre endringar i bemanningsnivået for denne perioden.

Nedbemanninga har ikkje gått ut over den samla kapasiteten. Alle elevar med ungdomsrett får tilbod om plass. Det kan ha hatt innverknad på kva skole og utdanningsprogram/programområde elevane har fått tilbod om og for bemanninga ved skolane.

3. I hvilken grad kan endringer i bemanning forklares med fylkestingets eget vedtak om klassestørrelser og minimumskrav til antall elever i en klasse?

Svar:

Endringar i bemanning kan forklarast av vedtak av gjort av kompetanse- og næringsutvalet om klassestørrelse og minimumstal elevar per klasse. Desse krava var dei same også før 2023. Krava blir lagt til grunn når det blir avgjort kva tilbod som skal starte, og vil dermed direkte påverke kor mange klassar som blir oppretta, og dermed behovet for lærarar.

Dersom svakt søkte tilbod i større grad vart starta opp, ville det ført til fleire klassar med få elevar. Det ville auke bemanningsbehovet, men gi dårleg ressursutnytting og svak økonomi både for skolane og fylkeskommunen.

Samtidig vil oppstart av små klassar få verknad over fleire år, sidan tilboda ofte må førast vidare til Vg2 og Vg3. Dette forsterkar bemanningsbehovet over tid.

Samla sett er minimumskrava eit sentralt verkemiddel for å avgrense talet på klassar og sikre ein meir berekraftig bruk av ressursar, og har dermed stor betydning for bemanninga.

4. Hvordan har demografiutviklingen – særlig endringer i elevtall i enkelte regioner – påvirket dimensjoneringen av videregående opplæring?

Svar:

Nedgang i elevtalet har ført til at fylkeskommunen må redusere kapasitet og tilpasse tilbud og struktur. I regionar med fallande elevgrunnlag og svak søking er dette løyst gjennom samanslåing av skolar og samordning av tilbod, mens ein i regionar med meir stabile elevtal i mindre grad har gjort strukturelle endringar. Samtidig er det sterk politisk vilje til å oppretthalde eit desentralisert skoletilbod, noko som har bidrege til at distriktsskolane i fleire område har blitt mindre og fått eit smalare tilbod enn tidlegare. Dette har ført til auka behov for omstilling, samarbeid og bruk av alternative opplæringsmodellar, blant anna gjennom felles leing og samordning på tvers av skolar. Tiltaka er første steg i ei planlagt dimensjonering til eit lågare elevtal, med mål om å redusere overkapasitet og sikre eit berekraftig opplæringstilbod.

5. Hvilke utslag kan skiftende interesse for enkelte tilbud/studieretninger få for bemanningen i de videregående skolene våre?

Svar:

Endringar i kva elevane søker på, får direkte konsekvensar for bemanninga i dei vidaregåande skolane. Når færre elevar søker eit tilbod, blir det færre klassar og dermed mindre behov for lærarar. Når interessa aukar, må skolane på si side styrke bemanninga.

Særleg viktig er skilnaden mellom yrkesfag og studieførebuande. Yrkesfagklassar har færre elevar per klasse, noko som betyr at auka søking til yrkesfag gjerne gir behov for fleire klassar, og dermed fleire lærarar enn om elevane vel studieførebuande.

Svingingar i søking frå år til år gjer bemanninga meir krevande å planlegge. Eit tilbod kan vere godt søkt eitt år og svakt neste år. Dette skaper usikkerheit både for skolane og for lærarane, og gjer det vanskelegare å rekruttere og halde på kompetanse, særleg ved mindre distriktsskolar. I tillegg fører nye rettar for elevane, som auka moglegheit for omval, til endå større endringar i søkarmønsteret. Det betyr at fylkeskommunen i større grad må vere fleksibel og bruke ressursane på tvers av tilbod, heller enn å gjere reine kutt.

Samla sett betyr dette at fylkeskommunen må jobbe meir aktivt med å tilpasse bemanninga løpande til elevane sine val, samtidig som ein tek omsyn til samfunnsbehov, tilgang på lære plassar og kapasiteten ved den enkelte skole.

6. Kan fylkesordføreren redegjøre for hvordan de siste års økonomiske situasjon har påvirker fylkeskommunens handlingsrom? Hvilke konsekvenser kan en ytterligere svekkelse av økonomien få for muligheten til å ruste opp eldre skolebygg og realisere nødvendige nybygg?

Svar:

Fylkeskommunen har allereie ein stram økonomi med låg måloppnåing på driftsresultat, lågt disposisjonsfond og høg gjeld, noko som avgrensar handlingsrommet. Samtidig vil nedgang i elevtalet gi ein reduksjon i frie inntekter på om lag 377 mill. kroner fram mot 2040. Dette reduserer moglegheita til nye investeringar.

Med eit stort vedlikehaldsetterslep på skolebygga og avgrensa låneevne må fylkeskommunen i større grad prioritere vedlikehald framfor nybygg, og gjennomføre tiltak som reduserer kostnader og areal for å kunne frigjere midlar til nødvendige oppgraderingar. Tilstandsgradvurderinga knytt til skole- og tilbodsstruktur viser eit krevande perspektiv for dei komande 10-15 år.

[Tilstanden til skolebygga vart presentert til Utbyggingsutval for bygg og vegsaker i sak 02/25 den 28. april.](#)

7. Hvilke tiltak vurderer fylkesordføreren som nødvendige for å sikre en skolestruktur som dekker fylkets behov for kompetanse og arbeidskraft kan opprettholdes over tid?

Svar:

Det er allereie stort behov for arbeidskraft i både privat og offentleg sektor, og dette er det all grunn til å tro vil forsterke seg framover i kraft av at elevtala vil gå ned.

Samfunnet sitt behov for kompetanse er ein av faktorane som ligg til grunn for dimensjonering av vidaregåande opplæring. Vi må i enda større grad styre tilboda mot behovet som samfunnet har. Det gjelder på den enkelte skole, og for tilbodet i fylket samla sett. Å prioritere er også å velje bort noko, og dette vil verte krevande for både administrasjon og politikarar.

RS 06/26 Saker til oppfølging fra fylkesutvalet og fylkestinget - korrigert juni 2026

Fylkestinget 16.06.2026

Vedtak:

Fylkestinget tok referatsaka til orientering.